



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 25.03.2015

Vår ref.: 2014/15115-40

Saksbehandlar: mattorg

Dykkar ref.: «REF»

## E39 Hordfast - Forsering av planlegging

Kontaktutvalet for Hordfast viser til medieoppslag der Statens Vegvesen har uttalt at oppstart av E39 Stord-Os er sannsynleg først i 2021. Tidlegare har statsminister Erna Solberg vore tydeleg på at ho forventa byggestart i 2018, noko samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen også har formidla.

Gjennom KVU Aksdal-Bergen og påfølgjande KS1 er det slått fast at Hordfast er eit særslønsamt samferdselsprosjekt. Kontaktutvalet for Hordfast er difor opptatt av at det vert lagt opp til ei raskast mogleg framdrift på planprosessen, slik at prosjektet kan vere planavklart som grunnlag for prioritering og tidlegast mogleg byggestart til Nasjonal transportplan 2018-27.

Vi vil understreke at vi i dag har ein god dialog med Statens Vegvesen. Planarbeidet har fram til no vore gjennomført med ein god prosess og framdrift gitt deira rammevilkår med statleg plan på kommunedelplannivå. I eit vidare tradisjonelt planløp med reguleringsplan og KS2 før prosjektering og førebuing av konkurransegrunnlag gjer at det vidare planarbeidet i sum blir tidkrevjande.

Kontaktutvalet for Hordfast vil særleg peike på to alternativ som vi meiner kan bidra til å korte inn planleggingstida og samstundes gi ein god planprosess.

Primært ønskjer Kontaktutval for Hordfast at det vert vurdert å gjennomføre KS2 før reguleringsplan, altså at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå. Med grunnlag i KS2 på dette plannivået kan det leggast fram eit samla finansieringsopplegg for Stortinget, slik at det tidleg vil vere mogleg å inngå kontrakt med entreprenør ved konkurranseprega dialog, først og fremst for utvikling og bygging av dei store brukonstruksjonane. Samstundes kan det parallelt gjennomførast statleg reguleringsplan og prosjektering/bygging av det samla prosjektet, som grunnlag for grunnerverv og vidare kontraktering.

Ei slik framgangsmåte vil etter det kontaktutvalet kjennen til, ikkje la seg gjere ved ein tradisjonell planprosess, der vegen må vere regulert før KS2 behandling. Vi er kjent med at eit slikt opplegg vil medføre at det må aksepterast ein større usikkerheit i kostnadsansлага enn det vert lagt opp til normalt sett i KS2 på reguleringsplannivå (med feilmarginar på +/- 10 %). Det er likevel grunn til å presisere at fordelen med denne måten er at ein kan utnytte entreprenøren sin kompetanse på ein annan måte slik at totalkostnaden til slutt kan bli lågare, og løysinga gjerne betre.

Alternativt ønskjer kontaktutval for Hordfast at planlegginga i størst mogleg grad skjer med overlappande planfasar innanfor eit tradisjonelt planløp der prosjektering og KS2 kan skje delvis parallelt med reguleringsplanlegging.

Vi vil og peike på behovet for at det vert avsett tilstrekkeleg ressursar til planlegging av sambandet, slik at arbeidet ikkje stoggar opp, og ber om å få tilbakemelding på korleis ein ser på vidare planframdrift for E39 Hordfast.

Med helsing

Tom-Christer Nilsen  
Leiar Kontaktutval for E39

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*